



Arkivnr: 2014/11820-2

Saksbehandlar: Kristoffer Gilhus

**Saksframlegg****Saksgang**

Utvil	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		23.09.2015
Fylkestinget		13.10.2015

**Sal av Strandgaten 195 AS (tidlegare Bjørgvin vgs)****Samandrag**

Strandgaten 195 AS er eit heileigd fylkeskommunalt aksjeselskap. Fylkesrådmannen foreslår at selskapet vert lagt ut for sal.

Strandgaten 195 AS (tidlegare Bjørgvin vgs) fungerer i dag som avlastningsskule. Frå skuleåret 2016 vil undervisninga verte flytta til andre skular, og fylkeskommunen vil ikkje ha behov for bygget.

Ein rår difor til at aksjeselskapet vert sold med tilbakeleige til haust 2016 og opsjon for eventuell vidare leige. Det kan verte aktuelt å selje eigedomen og likvidere selskapet dersom dette gir det beste resultatet for fylkeskommunen.

Ein rår til at fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod som er høgare enn 90 % av prisønske. Prisønske er 55 mill (tilsvarande verdivurdering i takst). Dersom høgste bod er lågare kan fylkesutvalet ta avgjerd om salet.

**Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget godkjenner sal av aksjane i Strandgaten 195 AS, alternativt sal av eigedomen.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod høgare enn 90 % av prisønske som er kr 55 mill.
4. Dersom høgste bod er lågare enn 90 % av prisønske kan fylkesutvalet ta avgjerd om salet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Jostein Fjærstad  
eigedomsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 02.09.2015**

Fylkesrådmannen foreslår at Strandgaten 195 AS (tidlegare Bjørgvin vgs) vert lagt ut for sal. Eigedomen med skulebygget er aksjeselskapet sitt hovudaktivum.

Fylkeskommunen leigde bygget tidlegare, men utleigar ville ikkje fortsette leigetilhøvet. Difor kjøpte fylkeskommunen selskapet til vidaregåande skule i mai 2006. Fylkestinget vedtok 11.12.2012 at Bjørgvin vgs vart lagt ned, og at studietilboda i all hovudsak vart flytta til Amalie Skram vgs. Bygget fungerer i dag som avlastningsskule for andre skular, og berre delar av bygget er i aktivt bruk.

Frå skuleåret 2016 vil undervisninga verte flytt til andre skular og fylkeskommunen vil då ikkje lenger ha behov for Strandgaten 195.

Ein rår difor til at aksjeselskapet vert seld, på vilkår av at kjøpar leiger bygget ut til fylkeskommunen til haust 2016 og med opsjon for eventuell vidare leige. Det kan verte aktuelt å selje eigedomen og likvidere selskapet dersom dette gir det beste resultatet for fylkeskommunen.

Det er gjort avtale med Fana Sparebank Eiendom AS om eigedomsmeklartenester knytt til gjennomføringa av eigedomssal. Dei vil utarbeide salsprospekt, annonsera salet og gjennomføre bodrundar. Dei har og på bakgrunn av takstrappo gjort ei prisvurdering som vi i prospekta vil bruke som prisønske. Prisønske er 55,0 millionar kr. For å avslutte ei bodrunde må seljar kunne godta det høgste bodet. Dersom ein må vente på ei politisk handsaming av bodet, vil dette ta tid og ein risikerer at bodgjevar ikkje vil stå ved bodet.

Ein rår difor til at fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod som er høgare enn 90 % av prisønske. Dersom høgste bod er lågare kan fylkesutvalet ta avgjerd om salet.